



«Opplevinga av å bli lytta til og høyrd, er verdifull»

«Gi pårørande ei stemme». Slik startar lektor Ingvild Hollekve ved Institutt for barnevern, sosialt arbeid og vernepleie ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) sin kronikk på nettstaden [forskning.no](#)

Å vere pårørande til menneske med kroniske sjukdommar og lidingar er spesielt krevande. Slike sjukdommar går ikkje over. Av og til blir symptomata til og med verre for kvar dag. Å leve tett på nokon som er sjuk, kan gå ut over helsa til den pårørande, både fysisk og psykisk.



Hollekve løftar fram poliklinikken ved Indre Sogn psykiatrisenter der ein har etablert eit ambulant tenestetilbod knytt til psykiske lidingar hjå eldre, psykogeratri og demens. Det tverrprofesjonelle teamet består av overlege Gro Selås, sosionom Bjørg Åsarmoen og nevropsykolog Mads Rekve. Dei reiser gjerne ut for å gjere vurderingar av pasientar i heimekommunen, set i gang behandling, og gi råd og rettleiing til pårørande/nærpersonar og pleiepersonale etter behov.

Mange pårørande fortel at dei har hatt positive møte med denne typen team. Endeleg har dei fått fortelle si historie. Endeleg har nokon tid til å høre det dei har å seie. Ikkje minst har dei fått råd og rettleiing om korleis dei best kan meistre kvardagen sin.



For dei som ønsker å fordjupe seg i temaet, så har Helsedirektoratet nyleg utarbeidd ein [rettleiari om involvering av, og støtte til, pårørande](#). **Helsedirektoratet**
Rettleiarene understrekar at helse- og omsorgstenesta skal ha system og rutinar knytt til dette området.

Ny pårørendeveileder

Lærings- og meistringstilbod reduserer bruken av helsetenester



Når du får helseproblem er kanskje noko av det viktigaste å finne ut koleis ein kan takle den nye livssituasjonen. For nokon kan det dreie seg om ein kort periode, men for mange dreiar det seg om langvarige helseutfordringar.

Stadig fleire får tilbod om å delta i ulike lærings- og meistringstilbod. Studiar viser at lærings- og meistringstilbod har god effekt og er nyttige for betre helse og meistring av kvardagen, samstundes som tilboda kan bidra til at kostnadane i helsetenesta kan reduserast. Til dømes har deltakarane over tid færre innleggingar knytt til både re- og akuttinnleggjeringar, færre konsultasjonar i poliklinikkar og hos fastlegen sin. Les meir om forskningsresultata på [Oslo universitetssykehus sine nettsider](#).

Dra i gang lærings- og meistringstilbod i din kommune ?

[Håndbok for Mestringstreff](#) gir deg veiledning, tips og praktiske verkty for å komme i gang. Boka er eit resultat av eit tverrfaglig prosjektsamarbeid for å legge til rette for kompetanseheving knytt til lærings- og meistringsaktivitetar i kommunane.

MESTRINGSTREFF

HÅNDBOK FOR ETABLERING AV ET DIAGNOSEAVHENGIG LÆRNINGS- OG MEISTRINGSKURS

Anbefalingane i handboka som er basert på både forskning, fag- og erfarings- kunnskap, er testa ut i fleire pilotkommunar. Du kan no få den både i bokform, og i elektronisk versjon.



«Redefinerer» habilitering og rehabilitering

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag om å endre forskrift om habilitering, rehabilitering, individuell plan og koordinator § 3. Bestemmelsen inneholder definisjonen av habilitering og rehabilitering. Dei skriv mellom anna følgande:



«Tiltaket er en oppfølging av [«Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019»](#). Formålet med forslaget er å forsterke brukerperspektivet i tråd med målet om pasientens helsetjeneste, ved å tydeliggjøre i definisjonen at det er pasienten og brukerens mål for eget liv som skal legges til grunn ved utforming av habilitering- og rehabiliteringstilbudet.

I tillegg skal definisjonen fange opp at habilitering og rehabilitering er prosesser som både kan være tidsavgrenset og av livslang varighet, og at behovet for tverrfaglig samarbeid og koordinering kan variere over tid i et forløp». Les meir på regjeringa sine [nettsider](#).

Fagdag ungdomsmedisin

Som ledd i Helse Førde HF si satsing på ungdomsmedisin blir det arrangert ein [fagdag](#) der ein set fokus på tema knytt til behandling av ungdom. Målgruppa er helsepersonell som arbeider med ungdomar i aldersgruppa 13 - 25 år.

[Programmet](#) er variert og omfattar tema som kommunikasjon, meistring og kronisk sjukdom, rus, ungdommar sine rettar i helsetenesta, rettar i høve til opplæringslova og tidleg arbeidsliv.



Høgskulen inviterer til kontaktsjukepleikurs torsdag 2. november

- | | |
|---------------|---|
| 09:30 – 09:40 | Velkomen! v/programansvarleg Bente Egge Søvde |
| 09:40 – 10:15 | Læreføresetnad for studentar i praksis ved Bente E Søvde |
| 10:30 – 11:30 | Praksisplassen som læringsarena v/høgkulelektor Sara Osland |
| 11:30 – 12:15 | Lunsj (Høgskulen på Vestlandet spanderer) |
| 12:15 – 13:30 | Rettleiing av studentar v/høgkulelektor Sara Osland |
| 13:45 – 14:30 | Skikkavurdering v/instituttleiar Dagrún Kyrkjebø |
| 14:30 | Avslutning/oppsummering v/programansvarleg Bente Egge Søvde |

Les meir om [påmelding](#).

«Samhandling i vekslingsfeltet»

[Koordineringsrådet](#) som er eit administrativt samarbeidsutval for Helse Førde HF og kommunane i Sogn og Fjordane har bestemt at «*Samhandling i vekslingsfeltet*» blir det overordna temaet for Samhandlingskonferansen i mars 2018. «*Tid & stad*» blir kunngjort så snart det er bestemt.

Programkomiteén ønsker innspel til aktuelle tema/føredragshaldarar innan 12.11.17. Innspel kan sendast Rådgjevar i KS [Sølvi Olrich Sørebø](#) og/eller Samhandlingssjef i Helse Førde HF [Stig Igland](#).



Høgskulen
på Vestlandet

